



TENK FRAMTID bli lærebedrift

mrfylke.no/laerebedrift



Møre og Romsdal
fylkeskommune



**Eg treng
læreplass!**

Tradisjon møter framtid

Fagopplæringa i Noreg har ei tradisjonsrik historie. Samfunnet er avhengig av at private og offentlege verksemder tek ansvar for å lære opp fagarbeidarar og sveinar. I dag omfattar ordninga også mange nye fagområde i stat og kommune. Det blir utdanna lærlingar i om lag 180 lærefag i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Lærlingordninga er den beste måten å utdanne fagarbeidarar og sveinar på. Både store og små verksemder kan bli lærebedrift.

TENK FRAMTID

Bli lærebedrift – mrfylke.no/laerebedrift

Kvifor bli lærebedrift?

Skreddarsy din framtidige medarbeidar.

Ein lærling kan bli den medarbeidaren verksemda di treng. Når læretida er over, kan du, om du ønskjer det, rekruttere ein medarbeidar som har vist dugleiken sin gjennom læretida. Den nye fagarbeidaren kjenner då verksemda godt og er produktiv frå første dag.

Lønnsam investering.

Lærlingen bidrar til verdiskaping og blir stadig meir produktiv i løpet av læretida. Verksemda får også tilskot frå fylkeskommunen som skal dekke utgifter til opplæring.

Ny kunnskap inn i bedrifta.

Lærlingordninga sikrar verksemda ny kunnskap, både frå lærlingen sjølv og gjennom kurs som instruktørar og faglege leiarar i bedrifta får. Dermed gir lærlingordninga kontinuerleg fagleg fornying i verksemda.

Sikre framtida for din bransje.

Å utdanne fagarbeidarar og sveinar er med på å sikre nok faglærte i forhold til behova i åra framover. På denne måten viser verksemda samfunnsansvar og styrkjer omdømmet sitt. Å vere godkjend lærebedrift er eit kvalitetsstempel.



**Eg treng
læreplass!**

Slik går du fram

1 Bli godkjend lærebedrift

Før du kan inngå lærekontrakt, må verksemda di godkjennast. Prosessen er enkel. Verksemda må ha arbeidsoppgåver i tråd med måla i læreplanen for faget og ein fagleg leiar med opplæringsansvar i samsvar med opplæringslova. Ta kontakt med fylkeskommunen for hjelp og informasjon i søkeprosessen. Kontaktinfo og søknadsskjema finn du på mrfylke.no/laerebedrift. Når verksemda er godkjent, får du ei skriftleg stadfesting og eit godkjeningsbevis.

2 Finn den lærlingen du ønskjer

Du bestemmer kven du vil tilsetje, og korleis lærlingen skal rekrutterast. Finn lærlingen gjennom samarbeid med vidaregåande skular, opplæringskontor i bransjen – eller fylkeskommunen. Du kan også lyse ut ein læreplass – eller ta utgangspunkt i søkjarar som ønskjer å bli lærlingar.

3 Inngå kontrakt med lærlingen

Verksemda må teikne lærekontrakt og arbeidsavtale med lærlingen. Lønna er vanlegvis fastsett i tariffavtalen for bransjen. Der verksemda er medlem av eit opplæringskontor, er det kontoret som teiknar lærekontrakten, medan verksemda tilset lærlingen og har lønns- og arbeidsgivaransvaret. Lærekontrakten skal godkjennast av fylkeskommunen.

Ansvarer ditt som lærebedrift

- Lage individuell opplæringsplan med utgangspunkt i læreplanen for faget – med ei konkret skildring av arbeidsoppgåver for lærlingen og når desse skal utførast.
- Tilby lærlingen eit arbeids- og læremiljø som gir støtte og kyndig rettleiing.
- Ha eit system for planlegging, gjennomføring, vurdering og dokumentasjon av opplæringa.
- Rettleie lærlingen jamleg og gjennomføre vurderingssamtaler minst kvart halvår.
- Melde lærlingen opp til fag- eller sveineprøve når læretida er slutt, og legge til rette for gjennomføring av prøva.



Fylkeskommunen

- din samarbeidspartner

Fylkeskommunen, seksjon opplæring i bedrift, gir nødvendig rettleiing og støtte til leiarar i verksemda. Vi har eit team av rådgivarar innan alle lærefag, som hjelper verksemda di med utfordringar – og å bli ei god lærebedrift.

Ansvaret vårt som samarbeidspartner

- Godkjenne lærebedrifter og lærekontraktar
- Formidle søkjarar til læreplass
- Gi råd og rettleiing om opplæring i bedrift
- Administrere fag- og sveineprøve
- Skrive ut kompetansebevis og fag-/sveinebrev
- Tilby kompetansehevande kurs for faglege leiarar og instruktørar
- Utbetale lærlingtilskot
- Administrere praksiskandidatordninga
- Drive informasjonsarbeid om lærlingordninga



**Eg treng
læreplass!**

Eg treng
læreplass!



Knyt deg til eit Opplæringskontor

Det finst opplæringskontor i dei fleste bransjar. For mange verksemdar er det praktisk å knyte seg til eit opplæringskontor.

Eit opplæringskontor er eit organ der godkjende lærebedrifter samarbeider om opplæring av lærlingane sine. Organiseringa av opplæringskontora varierer frå bransje til bransje. Det er opplæringskontoret som inngår kontrakten med lærlingen, medan verksemda tilset lærlingen og har lønns- og arbeidsgivaransvaret. Når bedrifta vel å vere medlem i eit opplæringskontor, er det opplæringskontoret som mottar tilskotet. Tilskotet blir fordelt etter avtale mellom bedrift og opplæringskontor.

Opplæringskontoret har eit fagleg og administrativt ansvar for lærlingen, og følgjer bedrifta og lærlingen opp systematisk gjennom læretida. Dette skjer ved personleg rettleiing, kurs og samlingar retta mot både lærling og instruktør.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no/laerebedrift